


# Arbeidsprogram for Vindafjord SV



2023 - 2027



Vindafjord SV er eit grønt klima- og miljøparti og eit raudt nærings- og fordelingsparti som

- arbeider for at våre uerstattelege naturverdiar skal forvaltast på ein klok måte
- vektlegg omsynet til klima og miljø i alle avgjerder
- vil at rettferdig fordeling mellom ulike grupper vert tatt omsyn til i aktuelle saker
- arbeider for at innbyggjarar og tilsette skal få uttala seg i saker som gjeld deira kvardag

### **KOMMUNEN SOM SØRVIS-YTAR, SAMFUNNSUTVIKLAR OG ARBEIDSGJEVAR**

Vindafjord SV vil arbeida for

- at Vindafjord er ein sørvis-kommune som gir tilbakemelding raskt og med eit enkelt, korrekt språk
- å møta etablerarar og næringsliv med informasjon, støtte og positivitet
- levande bygder, med eit sterkt kommunesenter
- universell utforming av bygg og uteområde kommunen har ansvar for
- ein sterk og effektiv offentleg sektor, med profittfri velferd
- heile og faste stillingar, redusert bruk av mellombelse stillingar og vikarbyrå
- aktiv bruk av tillitsvalde og fagorganisasjonane for å sikre at dei tilsette vert høyrde
- å blåse liv i Vindafjord som Fairtrade-kommune

### **LEVANDE BYGDER**

Vindafjord SV vil arbeida for

- å sikra gode bumiljø gjennom å utvikla og sikra busetnad i alle bygder
- bruk av Startlån og utprøving av ordningar som «Leige til eige»
- tilgang til grøntområde, turstiar og badeplassar i alle bygder
- kollektivtransport, Handlebussen og gang- og sykkelveggar

## **KLIMA OG MILJØ**

Vindafjord SV vil arbeida for

- å sikra det biologiske mangfaldet i kommunen
- samarbeid med organisasjonar for å hindra utbygging av vindkraftanlegg og 420 kV linjenett i luftspenn mellom Blåfalli og Gismarvik
- krav om null-utslepp av tungmetall, radioaktive stoff og miljøgifter frå all verksemd
- ei arealforvaltning som sikrar kystlina, jordvern, naudsynt tilbakeføring av natur, allmenn ferdsel og friluftsliv i urørt natur
- miljøtårnsertifisering av kommunale og private verksemder

## **INTEGRERING OG MANGFALD**

Vindafjord SV vil arbeida for

- Vindafjord som «Flyktningkompetent kommune»
- ei integreringsteneste som er drivkraft og formidlar av kontakt med lokalsamfunn, lag og organisasjonar
- at kommunen sjølv tilbyr språkpraksis- og arbeidspraksisplassar
- at tilsette i kommunen speglar mangfaldet i samfunnet
- ta initiativ til eit oppdatert flaggreglement, som inkluderer prideflagget og det samiske flagget

## **SAMFERDSEL OG KOMMUNIKASJON**

Vindafjord SV vil arbeida for

- trafiksikring og «gul stripe» langs heile E-134
- kollektivtilbod på land og sjø
- å vidareføra intensjonen om lyntog mellom Haugesund og Oslo over Haukelifjell
- breiband og sikker telekommunikasjon i heile kommunen
- mobildekning langs E-134

**HELSE OG OMSORG**

Vindafjord SV vil arbeida for

- folkehelse og friskliv som grunnlag for alt helse- og omsorgsarbeid
- utbygging av helsetenestene på skulane
- god oppfølging av heimebuande med desentraliserte aktivitets- og kulturtilbod
- velferdsteknologi tilpassa brukaren
- å halda talet på sjukeheims plassar på minimum dagens nivå
- Vindafjord som demensvenleg samfunn

**OPPVEKST OG UTDANNING**

Vindafjord SV vil arbeida for

- tidleg innsats og tilpassa opplæring
- oppfølging av, og eit sterkt arbeid mot mobbing
- noverande barnehage- og skulestruktur, men ikkje på tvers av føresette sitt ønske
- fagleg kreativitet i undervisninga og reduksjon av rapportering og testar
- oppdaterte lærebøker og digitale læremiddel på nynorsk
- fritids- og kulturtilbod med plass for mangfald og inkludering, i samarbeid med lag og organisasjonar
- søskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO
- auka talet på lærlingar

**NÆRINGS LIV, LANDBRUK OG FJORDBRUK**

Vindafjord SV vil arbeida for

- at kommunen tar ei aktiv rolle i tilrettelegging av næringsareal, nyetableringar og omstilling.
- utvikling og samordning av reiselivsnæring og turistinformasjon
- å ta vare på helgedagsfreden
- støtte til bøndene i deira viktige arbeid for matproduksjon, jordvern, dyrevelferd og vedlikehald av kulturlandskapet
- kommunal kompetanse for kontroll av dei miljøskadelege verknadene i oppdrettsnæringa

**MANGFALDIG KULTURLIV**

Vindafjord SV vil arbeida for

- støtte til lag og organisasjonar som driv førebyggjande og inkluderande arbeid, særskild blant barn og unge
- eit kulturskuletilbod som er variert og mangfaldig og som alle har råd til
- støtte til arbeid som tar vare på og utviklar lokalhistoria og kulturarven vår
- biblioteket som gratis arena for informasjon og kulturopplevingar og som møteplass for alle aldersgrupper- at «Fritidserklæringa» blir praktisert av kommunen
- at Vindafjordhallen blir bygd, innanfor budsjettet økonomisk ramme for investering og drift

